

**Sak 03/20 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG RESULTATREKNESKAP.**

**Framlagt:**

Forslag til årsmelding for 2019.  
Forslag til rekneskap med resultat, balanse og notar for 2019.

**Tilråding:**

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne rekneskap med resultat, balanse og notar og styret si melding for 2019.

**Sak 04/20 ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR.**

**Tilråding:**

Styret tilrår Årsmøtet å godkjenne at årets overskot føres mot egenkapital

**Sak 05/20 LØYVINGAR TIL ÅLMENNYTTIGE FØREMÅL.**

**Tilråding:**

Austevoll Kraftlag står framfor eit krevjande år i forhold til investeringar i straumnett (elektrifisering av oppdrettsanlegg og nye robuste trasear). Med bakgrunn i vedtektenes prioriteringar av korleis lagets overskot skal disponerast, finner ikkje styret det tilrådeleg å løyve midlar til ålmennyttige føremål i 2020.

**Sak 06/20 GODTGJERING TIL STYRE, STYRELEIAR M.V.**

Valnemnda vi føreslå at godtgjering til styreleiar, nestleiar og styremedlemene for 2020 vert som for 2019:

Godtgjering til styreleiar:	kr. 51 000,- per. år.
Godtgjering til nestleiar:	kr. 26 000,- per. år.
Godtgjering til styremedlem:	kr. 20 000,- per. år.
Møtegodtgjering:	kr. 1.900,- per møte.

**Sak 07/20 VAL AV STYRE, VARAREPRESENTANTAR OG STYRELEIAR.**

**Merknad:**

I ordinært årsmøte den 27.06.19 vart følgjande valde til valnemnd:

Reidar Vik, leiar  
Elisabeth Ø. Hufthammer, medlem  
Jostein Blænes, medlem

Av styremedlemane står desse på val i 2020:

- **Styremedlem**            **Britt Kathrine Drivenes**            **2018 – 2020**
- **Styremedlem**            **Grethe Drønen Ringdal**            **2018 – 2020**

Vararepresentantar:

- 1. Vararepresentant: Liv Bente Storebø**            **2018 - 2020**
- 2. Vararepresentant: Ivar Helge Melingen**            **2018 - 2020**

Grethe Drønen Ringdal er vald som styreleiar for 2019 – 2020.

I vedtektene § 11.1 står det følgjande:

*Kraftlaget skal ha eit styre på 5 - 7 (fem til sju) medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år. Årsmøte vel 4 (fire) styremedlemmer og 2 (to) varamedlemmer i rekke med funksjonstid på to år.*

*Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei valde styremedlemmane valde av partseigarane.*

I lov om samvirkeføretak (samvirkelova), § 69 og i brev frå Brønnøysundregistra av 30.01.12 heiter det:

*I styret i samvirkeføretak med meir enn 1000 medlemmar på det tidspunkt valet av styremedlemmar skjer skal begge kjønn vera representert på følgjande måte.*

- 1. har styret to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vera representert.*
- 2. har styret fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst to.*
- 3. har styret seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vera representert med minst tre.*

Valnemnda vil tilrå slikt val av styre og styreleiar:

- **Styremedlem: Grethe Drønen Ringdal** 2020 – 2022
- **Styremedlem: Renate Hvidevoll Ek** 2020 - 2022

Vararepresentantar:

1. **Vararepresentant: Liv Bente Storebø** 2020 - 2022
2. **Vararepresentant: Ivar Helge Melingen** 2020 - 2022

Valnemnda vil tilrå at **Andreas Iversen** vert vald som styreleiar for eitt år.

**Reidar Vik(s) Elisabeth Ø. Hufthammer(s) Jostein Blænes(s)**  
**Leiar**

#### **VAL AV REVISOR FOR 2020**

I ordinært årsmøte den 27.06.19 tilrådde styret årsmøtet å velja BDO som Austevoll Kraftlag SA sin revisor for år 2019. Årsmøtet slutta seg samrøystes til styret si tilråding. Styret vil tilrå årsmøtet å velja BDO som revisor for 2020.

#### **Tilråding:**

Styret tilrår Årsmøtet å velje BDO som revisor for 2020.